

# ÅRSPLAN 2017-2020

## BARNEHAGANE

### I

## SELJE KOMMUNE



*Målet vårt er å saman med foreldra  
gi borna ein trygg og god barndom,  
der dei får utvikle seg  
til å bli den beste utgåva av seg sjølv.*

***Flatraket barnehage, Selje barnehage, Leikvang barnehage***

# Innhald

<b>Innleiing</b>	s. 2
<b>Verdigrunnlag</b>	s. 3
Resultatleiing	
Sjumilssteget	
Den raude tråden	
<b>Formålet med og innhaldet i barnehagen</b>	s. 4
Omsorg	
Leik	
Danning	
Læring	
<b>Områda vi satsar på</b>	s. 6
Kommunikasjon, språk og tekst	
Kropp, rørsle, mat og helse	
Den digitale praksisen til barnehagen	

## Innleiing

Årsplanen til barnehagane i Selje kommune byggjer på Rammeplan for barnehagen, Lov om barnehager med forskrifter som høyrer til og Vedtekter for barnehagane i Selje kommune. Vi vel å lage ein felles årsplan i Selje kommune, fordi barnehagane samarbeider tett om å gje eit mest mulig likeverdig tilbod til alle barna våre og familiane deira. Kvar barnehage vil ha eigne vedlegg til årsplanen med konkret informasjon knytt til sin barnehage. Denne informasjonen vil verte oppdatert kvart barnehageår. Årsplanen går over tre år, for å sikre personalet grunnlag til å handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Dette skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppene. Alle tilsette i barnehagane i Selje skal kjenne godt til årsplanen, og bruke den aktivt i det daglege arbeidet for å utvikle barnehagane på dei aktuelle satsingsområda. Årsplanen er basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematiske vurderingar og samtaler saman med barn og vaksne. Innspel frå foreldre skal vektleggjast i arbeidet med årsplan. Årsplanen er eit viktig styringsdokument for barnehagane, og er vedteken av samarbeidsutvala i alle tre barnehagane.

# Verdigrunnlag

Målet vårt er å saman med foreldra gi borna ein trygg og god barndom, der dei får utvikle seg til å bli den beste utgåva av seg sjølv. Denne visjonen skal formidlast, praktiserast og opplevast i det daglege arbeidet i barnehagane våre. Det er viktig for barnehagane i Selje å sjå heile barnet, slik at utviklinga både hjå enkeltbarn og i barnehagen generelt vert mest muleg allsidig. Barnehagane i Selje bidreg til ein god barndom, som er prega av trivsel, venskap og leik. Barn vert førebudde til aktiv deltaking i samfunnet, der respekt for ulikskap og positive haldningar til å leve saman i fellesskap står sentralt. Barnehagane i Selje kommune ser til at barn lærer å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.



## RESULTATLEIING

Selje kommune jobbar med leiing, kvalitetsutvikling og kompetanseheving i barnehagane. Gjennom systematisk arbeid (Resultatleiing RL) får barnehagane høve til å utvikle beste praksis på ulike område. Alle pedagogane i barnehagane i Selje kommune har i samarbeid utarbeidd felles standardar på fokusområda. Etterpå har avdelingane jobba grundig og kome fram til beste praksis på fokusområda. Det betyr at vi skal vere særleg gode på:

- ➔ Måltidet som arena for læring
- ➔ Naturleikeplassen som læringsarena – kropp, rørsle og helse
- ➔ Den planlagde samlingsstunda med fokus på vaksenrolla og barnet
- ➔ Tilrettelegging for likestilling i rolleleiken
- ➔ Overgang frå frileik til garderobe med vekt på grensesetting og verbal kommunikasjon
- ➔ Praksisforteljingar
- ➔ Venskap
- ➔ Samarbeid med heimen
- ➔ Barn sin medverkand i leik
- ➔ Kollektiv kultur for profesjonell kommunikasjon på arbeidsplassen
- ➔ Den vaksne i uterommet – med fokus på barns rørsle
- ➔ Auka kompetanse på barn sitt språkmiljø
- ➔ Barnehagen som arena for å førebyggje mobbing
- ➔ Språkstimulering med fokus på begrepslæring: Tal, rom, form og farge.
- ➔ Vaksenrolla i møte med barn som er i konfliktsituasjonar

## **SJUMILSSTEGET**

Sjumilssteget er ei nasjonal satsing som skal ivareta barn sine rettar etter Barnekonvensjonen. Kommunane Selje, Vågsøy og Eid har samarbeida om eit opplegg som skal fremme barn sin rett til god omsorg. Sjumilssteget er i hovudsak foreldrerettlegg med fokus på dialog og fellesskap. Foreldra er den viktigaste personen for barnet. Sjumilssteget set difor fokus på kva som gir **deg** som forelder meistring, styrke og engasjement i rolla som forelder. Meir informasjon om prosjektet finn du på kommunane sine heimesider.

«Ein **god barndom** varer heile livet»



## **DEN RAUDE TRÅDEN**

Skulane og barnehagane i Selje kommune har eit systematisk samarbeid skissert i plana: «Den raude tråden». Dette samarbeidet vert no forsterka gjennom felles satsing på språk.



## **Formålet med og innhaldet i barnehagen**

Rammeplanen seier at innhaldet i barnehagane våre skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Arbeidet vårt med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng. Barna skal få leike og utfalde seg i barnehagane i Selje kommune!

### **OMSORG**

*«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal være trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik» (Rammeplan for barnehagen s. 19)*

For at det skal være tryggleik og trivsel for barna i barnehagen, er det viktig at vaksne går føre som gode rollemodellar, viser omsorg og skaper gode relasjonar saman med barna. Den omsorg og oppseding som vaksne gir i barnehagen, er med på å styrke barna sin føresetnad for å utvikle tillit til seg sjølv og fellesskapet. Vi vaksne må være heilt tilstade i ulike situasjonar og gi barna merksemda dei har behov for. Gode relasjonar mellom menneske er ein grunnleggjande lærdom barnehagen skal gi barna. Alle barn skal oppleve å bli sett, høyrte og respektert i barnehagen. Når barna opplever dette, vil dei føle tilhøyrslø, tryggleik og trivsel - som òg er viktig for læring. Barna skal få omsorg når dei har behov for det, og lære seg å være omsorgsfulle personar for andre.

## LEIK

Leiken er for oss den viktigaste aktiviteten i barnehagane. Leik er ein vesentleg del av barnehagekvardagen. Barn leikar fordi dei er barn, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast og prioriterast.

Gjennom leik får barn utvikle sosial kompetanse, humor, oppleve glede, spenning og meistring. Leiken er barn sin måte å erfare verda på – bearbeide og sette ting i samanheng. Det er viktig at vi vaksne legg til rette for gode leikeopplevingar. Vi skal sjå og lytte til barna, og tilpasse leikemateriale. Vaksne skal vere tilstade, tilgjengelege, imøtekommande og ha ansvar for tilrettelegging i eit inkluderande og stimulerande leikemiljø. Dette sikrar at alle barn får gode erfaringar og ei oppleving av å meistre sampelet med andre barn i leik.



## DANNING

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

(Lov om barnehagar, kapittel 1, §1)

*Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.*

(Rammeplan for barnehagane, kapittel 3 s. 21)

Det er eit mål for barnehagane i Selje å vere ein god dannelsarena. Barn si danning utviklast ved medverking, gjennom omsorg, og i leik og læring. Danning er ein livslang prosess der barna utviklar si personlege og sosiale kompetanse og målet er at barna blir trygge på seg sjølv og utviklar ei god sjølvkjensle. Ved å bli oppmuntra til å ta sjølvstendige val og få hjelp til å forstå konsekvensar av eigne handlingar utviklar barna eit bevisst forhold til seg sjølv som individ. Barn får omsorg, dei får støtte til og blir oppmuntra til å vise omsorg for andre. Barn medverkar i kvardagen og er gode rollemodellar for kvarandre. Barn lærer seg empati, anerkjenning, nærleik og respekt for kvarandre gjennom leik og aktivitetar. Gjennom gode dannelsprosessar blir barna i stand til å handtere livet ved å utvikle evnene til å vere prøvande og nysgjerrig til omverda, og å sjå på seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Barn lærer i leik, dei lærer av god omsorg, og danning er ein kvalitet ved ein læringsprosess. Grunnlaget for barnet si allsidige utvikling leggst her.

## LÆRING

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

(Lov om barnehagar, kapittel 1, §1)

*I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.*

(Rammeplan for barnehagane, kapittel 3 s. 22)

Med omsorg, leik og læring som grunnlag for vår verksemd skal alle inkluderast og vere med å påverke sin kvardag. Mykje av læringa skjer gjennom leiken, som skapar grobotn for trivsel, utvikling og sosial kompetanse. Ved å legge til rette for ulike leikeaktivitetar og gi rom for utforsking og nysgjerrigheit, skapast ein arena for samspel, evna til empati, sjå andre før seg sjølv og det å kunne ta del i andre sin leikekunnskap og erfaringar. Alle barn er ulike, og kva som er «barnets beste» er eit kjernesporsmål i all læring. Dette spørsmålet må alle som arbeider i barnehagane i Selje svare på på nytt kvar dag. Barn må få ulike erfaringar og opplevingar, slik at dei kan få tak i nytt, forstå og tenke, meine og utrykkje seg. Barn lærer gjennom undring, utforsking og erfaring. For at barn skal ha ei god utvikling, er dei avhengige av vaksne med engasjement, omsorg og ei bevisst haldning til korleis vi kan støtte, hjelpe, sette grenser og legge til rette i kvardagen i barnehagen.

## Områda vi satsar på

Rammeplan for barnehagen har sju fagområde som speglar interesse og eigenverdi for barn, og som skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagane våre ser fagområda i samanheng, og alle fagområda er ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagane. I denne planperioda har vi eit særleg fokus på:



## KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Alle skolane og barnehagane i Selje kommune er med i den nasjonale satsinga «Språkkommune» frå hausten 2017 til og med juni 2019. Formålet med satsinga er **kompetanseheving** innan språk, lesing og skriving for tilsette i skular og barnehagar, slik at vi saman kan einast om beste praksis. Tilbodet barna og elevane får i Selje kommune skal vere **likeverdig**, og samstundes basert på kva forskning seier om god praksis i skule og barnehage. Innsatsområde:

- Tidleg innsats – tiltak skal setjast inn med ein gong det er behov, kor tid som helst i utdanningsløpet.
- Overgangar – sikre informasjonsflyt. Ikkje berre overgangane barnehage – barneskule – ungdomsskule, men alle overgangar som t.d. ny avdeling, nytt klassetrinn, ny lærar.
- Nettverk – basert på forskning om kva som er god praksis i skule og barnehage, skal tilsette arbeide på eigen arbeidsplass og i nettverk, og slik komme fram til beste praksis i skular og barnehagar. Beste praksis skal bli ein del av kommuna sin leseplan.

Selje kommune får støtte i regionen og frå Lesesenteret i satsinga. PPT er ein sentral medspelar, og kjem til å delta på leiarmøter og felles samlingar.

## KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

### SYMJING

Barnehagane fekk etter søknad til fylket midlar til å drive symjeopplæring for siste årskullet i barnehagane. Dette er ein del av ansvaret vi har for å inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og livslang rørsleglede. Fysisk aktivitet er viktig for å fremje god helse, og svømming/ aktivitet i vatn skal medverke til at barna sansar, opplever og lærer med kroppen. Det sosiale aspektet ved fysisk aktivitet, bade i lag og å reise på tur er også viktig. Vi skal kose oss, følge reglane, ta omsyn og vise respekt for kvarandre. Barna skal utvikle kompetanse i vatn gjennom eit utval av leik og aktivitetsformer. Sjå gjerne «Plan for symjing i barnehagane».



## **DEN DIGITALE PRAKSISEN TIL BARNEHAGEN**

Alle tilsette i barnehagane har vore deltakande i «Ståstadsanalysen for barnehage». Dette er eit refleksjons – og prosessverktøy for barnehagar som ønskjer å drøfte og vurdere kvaliteten på sin eigen praksis som grunnlag for eit felles forbetningsarbeid. Ved innføring av ny rammeplan, er resultat etter denne analysa utgangspunktet vårt for satsingsområde: IKT i barnehagen. Her seier dei tilsette klart i frå om at barnehagen sin praksis må endrast - tiltak er nødvendig. Den digitale praksisen i barnehagane skal støtte opp om barna si læring, og vere ein del av det rike og allsidige leike- og læringsmiljøet til alle barn. Barn skal utvikle ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium. Barnehagane i Selje kommune skal i denne planperioda skaffe seg utstyr og kompetanse, slik at personalet kan:

- utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk, ha eit bevisst forhold til opphavsrett og kjeldekritikk og verne om personvernet til barna
- leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- vurdere om mediebruken er relevant og eigna, og delta i mediebruken til barna
- utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna